

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	29.09.2025
Vår referanse	2025/49214-4
Dykkar referanse	202505048-2
Sakshandsamar	Bjørnar Tjoflot
E-post	Bjornar.Tjoflot@vlfk.no
Telefon	99100814

Att.Anders Kvaløy Olsen

Høyringssvar på vurdering av konsesjonsplikt for dam Smievegen, NVE-ref.: 202505048

Samandrag av innspel

Før nedlegging av Dammen i Smievegen, må verknadane nedlegginga vil ha på fisk og andre ferskvassorganismar kartleggjast. Denne informasjonen må inkluderast i søknaden for å sikre at alle relevante miljøverknadar er tekne i betraktning.

Elles kan ikkje fylkeskommunen sjå at nedlegginga vil råka allmenne interesser.

Innleiing og bakgrunn

Vestland fylkeskommune viser til høyring frå NVE om vurdering av konsesjonsplikt ved nedlegging av dam i Smievegen, jf. vannressursloven. Dammen har tidlegare vore nytta til vassforsyning, men har ikkje lenger denne funksjonen i dag. Bakgrunnen for nedleggingssøknaden er at dammen ikkje tilfredsstiller krav i damsikkerhetsforskriften og vil krevja oppgradering for å kunne stå vidare.

Faglege vurderingar

Vassmiljø

Seksjon for naturressursar, reiseliv og landbruk har vurdert saka som vassregionmynde og som mynde for innlandsfisk av ikkje-trua bestandar.

Dammen i Smievegen er ikkje ein del av ein vassførekomst i vann-nett da det er ein kunstig etablert dam. Likevel er den eit habitat for ferskvassorganismar. Om dammen hadde vore i vann-nett ville den vore karakterisert til å vere i dårleg tilstand da alt nedstraums dammen ligg i røyr. Det hadde vore ein stor fordel om elva nedstraums var open.

Tapping av dammen vil føre til vesentlege endringar for ferskvassbiologien. Med bakgrunn i at dammen er ein kunstig etablert dam kan endringane akseptast. Likevel vil vi understreke at verknadane for fisk og ferskvassorganismar må kartleggast og synleggjerast. Vi kan ikkje sjå at det ligg ved informasjon om fisk eller andre ferskvassorganismar i søknaden om nedlegging.

Kulturminne og kulturlandskap

Ingen merknad m.o.t. kulturminne.

Friluftsliv og rekreasjon

Tiltaket vil ikkje råka friluftsinnteresser av regional verdi.

Damtryggleik og teknisk tilstand

Dammen tilfredsstiller ikkje krav i damsikkerhetsforskriften og vil krevje oppgradering for å kunne stå vidare. Fylkeskommunen har forståing for at eigar ønskjer å unngå kostbar oppgradering av eit anlegg utan funksjon.

Sakshandsamarar for fagområda:

- Automatisk freda kulturminne – Tore Slinning
- Nyare tids kulturminne – Helene Moe
- Friluftsliv – Anders Søyland
- Vassmiljø – Marlene Sørli

Med helsing

Sølve Dag Sundbø
seksjonsleiar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Bjørnar Tjoflot
seniorrådgjevar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

BØMLO KOMMUNE	Rådhuset Leirdalen 1	5430	BREMNES
STATSFORVALTAREN I VESTLAND	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER